



## Gjennomføring av sveineprøva *Rettleiing til prøvenemnda*

**Dette er ei rettleiing til medlemmene i prøvenemnda for planlegging og gjennomføring av sveineprøva.**

Vi tilrår at alle prøvenemnder i brannførebyggarfaget nyttar seg av denne malen.

Innmelding/avvikssystem av avdekte forhold under prøva blir eventuelt tatt opp gjennom arbeidsgivar.

Hugs å ha med at kandidat/bedrift kan klage på karakter (gjeld berre ved stryk) og utføringa eller framferda til prøvenemnda (formelle feil eller ikkje faglege feil og den faglege vurderinga).

### Prøvenemnd

#### Det førebuande arbeidet til prøvenemnda

Nemnda mottar godkjent oppmelding frå fylkeskommunen.

Dette inneber at praksisen og læretida til kandidaten er vurdert og godkjent.

Dersom nemnda ikkje blir bedt om å kome med nokon kommentar, skal den ikkje ta stilling til om kandidaten skal få avlegge prøve eller ikkje.

Nemnda må legge til rette for at kandidaten får vist mest mogleg av kompetansen sin, og sørge for at flest mogleg av kompetanseområda blir prøvt. Derfor er det også viktig å variere innhaldet i prøvene som blir laga.

Det er tilrådd at prøvenemnda held eit avklarande møte med kandidaten og bedifta/tilsynspersonen. Møtet bør finne stad 2–4 veker før prøvestart og kan vere digitalt.

I tillegg får kandidaten utlevert oppgåvetekst i ikkje utfyldt stand og dei generelle vurderingskriteria.



Det er viktig at kandidaten er klar over at han kan bli prøvt i **alle** kompetansemåla som er skildra i læreplanen.

Alle hjelphemiddel som er brukt i lærerida, vil kandidaten kunne nytte under avlegginga av prøva.

Prøvenemnda skal ved dette møtet, i samarbeid med bedrifta/tilsynspersonen, finne objekt for gjennomføringa av prøva. Ein bør unngå å nytte objekt til kollegaer og/eller venner då dette kan påverke kandidaten.

Nemnda må godkjenne prøvestaden og sikre at staden for avlegginga av prøva ikkje er avgrensande på noko vis.

Det må bli kontrollert at kandidaten har tilgang til dei hjelphemidla og det utstyret som trengst for å avlegge prøva. Normalt skal prøva bli avlagt i den lærerebedrifta som kandidaten har fått hovudopplæringa.

Det er prøvenemnda som har ansvar for at prøva blir halde under forsvarlege forhold.

Nemnda skal på førehand ha bestemt seg for kva objekt den ønsker at kandidaten skal bli prøvt i: for eksempel hus med teglstein som har feining frå loft, fyr, fleire bueiningar knytt til same skorstein, skorsteinar med hyppig feining på grunn av mykje sot/beksot eller liknande.

Karakterskalaen: Det er viktig at alle tre karakterane blir brukt, dersom kriteria er oppfylt.

### Vurderingskriterium

Vurderingskriterium for praktisk del av sveineprøva i brannførebyggarfaget skal vere grunnlaget for vurderinga av kandidaten.

Prøvenemndene skal føre protokoll der alle sider av prøveavlegginga blir dokumentert.

Prøveprotokollen må vere så utfyllande at den kan vere grunnlag for behandlinga til klagenemnda i samband med eventuelle klager. Prøvenemnda må utarbeide eit eige vurderingsskjema som blir lagt ved prøveprotokollen.



## Gjennomføring av prøva

### **1. Prøvestart**

Kandidaten og prøvenemnda møtest, og kandidaten får utlevert oppgåveteksten i utfyldt stand.

Nemnda har i samarbeid med arbeidsgivar/tilsynsperson valt ut objekt som passar til oppgåva, og fylt ut adresser med vidare.

### **2. Gjennomføringa av prøva er samansett av**

- a. Planlegging
- b. Gjennomføring
- c. Dokumentasjon
- d. Evaluering

Prøva må sjåast som ei heilskapleg oppgåve.

Under avlegginga av prøva bør prøvenemnda notere fortløpande.

Det vil gjere arbeidet med dokumentasjonen mykje enklare, særleg der det er sjanse for strykarakter.

Prøvenemnda skal ikkje «stå over» kandidaten til ei kvar tid, men det er viktig at nemnda fører tilsyn med alle viktige fasar i avlegginga av prøva. Prøvenemnda kan stille avklarande spørsmål til kandidaten under prøveavlegginga. Spørsmåla skal vere relatert til arbeidet som blir utført. Prøvenemnda bør unngå å stille spørsmål når eigar/brukar er til stades.

Prøvenemnda skal sørge for at kandidaten er så trygg som mogleg, og det kan vere greitt med ein lett og ledig tone.

Underveis kan kandidaten stille spørsmål om tyding av oppgåvane, men ikkje om løysing av oppgåvane.



#### 4. **Vurderingskriteria**

Vurderingskriterium for praktisk del av sveineprøva i brannførebyggarfaget skal vere grunnlaget for vurdering av kandidaten. Vurderingskriteria skal danne grunnlaget for karakteren. Ein treng ikkje oppfylle alle vurderingskriteria på karakter ikkje bestått og bestått svært godt.

Prøvenemnda skal føre protokoll der alle sider av prøveavlegginga blir dokumentert.

Prøveprotokollen må vere så utfyllande at den kan vere grunnlag for behandlinga til klagenemnda i samband med eventuell klage. Prøvenemnda må utarbeide eit eige vurderingsskjema som blir lagt ved prøveprotokollen.

#### 5. **Karakterskalaen**

- **Svært godt bestått** skal settast som karakter dersom kandidaten presterer svært god eller framifrå kompetanse i faget.
- **Bestått** skal settast som karakter dersom kandidaten presterer tilfredsstillande eller god kompetanse i faget.
- **Ikkje bestått** skal settast som karakter dersom kandidaten presterer svært låg kompetanse i faget.

#### 6. **Avslutting**

Prøvenemnda skal vurdere dokumentasjonen/rapporten til kandidaten og gjennomføre ei samtale med kandidaten der hen kan klargjere og grunngi forhold ved arbeidet. Dersom prøvenemnda meiner det er nødvendig, kan prøvenemnda stille spørsmål for fagleg avklaring.

Prøvenemnda skal straks etter at karakteren er fastsett, underteikne og levere prøveprotokoll saman med oppgåva, vurderingskriteria samt dokumentasjonen av arbeidet frå kandidaten og prøvenemnda til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen deler resultatet av prøva skriftleg med kandidaten og lærebodrifa.

Prøvenemnda kan gi kandidaten munnleg uformell underretning om resultatet.

Klagefrist er frå tidspunktet kandidaten har mottatt den formelle underretninga frå fylkeskommunen.

Ved klage:

Lærlingar som stryk og ikkje klagar på avgjerdta, kan avlegge ny prøve så snart ny oppmelding blir sendt.

Praksiskandidatar som stryk, må vente minimum 6 månader før dei kan avlegge ny prøve.

Ved eventuell klage følger ein vanleg saksgang og saksbehandlingstid.



## 7. Vurdering av prøve nummer 2

Det kan vere fornuftig at minst eitt av medlemmene blir bytt ut ved prøve nummer 2.

### ***Innmelding av avdekte forhold under prøva:***

Dersom prøvenemnda avdekker forhold under prøva som dei meiner fagopplæringskontoret bør bli gjort merksam på, kan ein melde dette skriftleg inn til fagopplæringskontoret.

Eksempelvis er det mogleg for prøvenemnda å seie frå dersom opplæringsbedifta, slik prøvenemnda oppfattar det, ikkje har oppfylt pliktene sine overfor kandidaten.

### **Generell informasjon til nemnda**

#### ***Offentleg representant:***

Som medlem av prøvenemnda skal ein vere klar over at ein representerer fylkeskommunen (det offentlege). Ein må lojalt følge opp dei vedtaka som blir gjort, sjølv om dei går på tvers av den vanlege oppfatninga i bransjen eller eiga oppfatning av faget.

#### ***Inabilitet:***

Prøvenemnda vurderer sjølv eigen inhabilitet. Ved tvil skal ein kontakte fylkeskommunen for ei avgjerd. Still følgande spørsmål: Har eg slektkap med eller kan kjennskap til kandidaten påverke resultatet? Har eg interesse av eit bestemt utfall av prøva? Kan andre meine at eg har ei slik interesse?

#### ***Tieplikt:***

Prøvenemnda har plikt til å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til det dei får vite om av personlege forhold eller anna i samband med avlegginga av prøva.

Dette gjeld også etter at prøva er ferdig. Ein skal aldri ta del i diskusjonar om kandidatar eller prøvearbeit med andre fagfolk.

#### ***Refusjon av løn:***



Dersom du får utbetalt løn frå arbeidsgivar under avlegginga av sveineprøva, kan arbeidsgivar få refundert utgiftene sine ved å sende inn eit eige skjema til fagopplæringskontoret om dette. Eige skjema ligg som regel saman med oppmeldinga frå fagopplæringskontoret.